

REKNES BYGGJEVARER L/L
Masfjordvegen 187
5986 HOSTELAND

Dato	17.02.2022
Vår referanse	2022/797-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Tone Bøyum
E-post	Tone.Boyum@vlfk.no
Telefon	47781807

Svar - Byggjegrænse - Dispensasjon - Fv. 5456 Veråsvegen - gnr. 108 bnr. 65 - Alver kommune

Vi viser til søknad av 03.01.2022, revidert søknad mottatt 11.02.2022.

Saka gjeld

Det er søkt om oppføring av ny bustad på gnr. 108 bnr. 65 i Alver kommune. Den førre bustaden brann ned, og ein ynskjer no å oppføre ny med same plassering.

Eigedomen er avsett til bustadføre mål jf. *Kommunedelplan for Lindås* (2019 - 2031) men er elles ikkje regulert.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggjegrensa mot fylkesveg 5456 for å oppføre bustad på gnr. 108 bnr. 65 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 24.08.2021.
2. Avstanden frå bygninga (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5456 skal vera minst 7,9 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Bygninga må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5456.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggjegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fv. 5456 Veråsvegen er smal med berre ei køyrebane. Det er ikkje lagt til rette med tilbod til mjuke trafikantar. Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgertrafikk er 600 køyretøy. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf *Rammeplan (2021 - 2024)*.



Fig: Situasjonskart vedlagt søknaden.

Tomta er ikkje regulert og veglova gjeld. Det vil seie at byggjegrense langs veg er 50 meter frå vegmidte. Rammeplanen er retningsgjevande når vi vurderer byggjegrensa. Retningslinene til *Haldningsklasse 4* tilseier at ein kan akseptere ei byggjegrense på 15 meter frå vegmidte.

Langs fylkesvegen er det fleire bustader som er bygd tett på vegen. Omsøkte tomt er smal og det er krevjande å plassere bygget på ein anna måte. Tiltakshavar har tilpassa søknaden og justert teikningane slik at bygget ikkje kjem nærare veg enn det som er tilfellet i dag.

Etter ei samla vurdering av forholda på staden finn vi i dette tilfellet grunnlag for å dispensere frå byggjegrense langs veg.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Hege Løvteit
leiar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Tone Bøyum
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

Vedlegg: Situasjonsplan datert 24.08.2021, justert i februar 2022.